




HORDALAND

i nær fortid



Det Norske Samlaget



JØRGEN THUNOLD frå Kvinnherad, peikar på ein annan samlingsstad – dampskipsbryggja.

Samværsformene kunne vera så ymse. Ein plass ungdom og ungar samlast, var på dampbåtbryggja i Beinavikjo når «dampen» var ventande. Serleg var det stort frammøte laurdags- og sundagskveldane. Laurdagskvelden kom «dampen» i halv ti-tida, og då fekk ein utdelt posten på butikken i Beinavikjo. Sundagskvelden kom han på veg til Bergen i halv ni-tida, og det var eit uheldig tidspunkt for lagsarbeidet. Det var nær sagt uråd å få ungdomslagsmøtet i gang før folket hadde sett «dampen» vel av garde. Ein bygdepoet skreiv om dette i ungdomsbladet «Daltrekk»:

Klokka åtta, må du håtta,
det er ungdomslag.
Kva, halv ni, dampbåttid,
har' kje tid i dag.

Dampen på veg inn eller ut Storsund var noko som sette merke på desse bygdene i lange tider. Og serleg var det den kvitmåla «Vøringen» med mannen i baugen som var det vakraste og mest sermerkte synet. Den båten



Dampskipsbryggja var i mange bygder vindauga mot utanverda og samlingsstad for både unge og gamle. Oftast låg både landhandelen og meieriet på bryggja. Frå Bakke i Strandebarm 1912. Foto: L. Bekker Larsen. Universitetsbiblioteket i Bergen.

var vanleg i heile min barndom og ungdom og langt inn i manndomsåra. Her var dampbåten på Hardangerfjorden som alle måtte leggja merke til!